



Tystag vil tanken som forlengst er på plass bli kopla til

**Frå tysdag til veka vil Uskedalen ha eit nytt servicetilbod. Det er bensinfylling på Sandakaaien. Til no har bygda berre hatt diesel til båtfolket, men mange og stadig fleire har ringt og meldt frå om behovet.**

**Det har heilt enkelt samanheng med at det vert stadig fleire båtar med bensintank, Tanken er forlengst på plass ved kaia og no står tilkoplinga att.**

Det påpeikar Gunn Mari Moberg på SPAR som legg til at dei næraste bensintankane ligg i Rosendal og på Halsnøy (Larsstø). Det er ikkje bensin på den største gjestebåtkaia i Kvinnherad - Husnes.

- Kva forventningar har dykk til bensinsalet?  
- Vi betraktar det som eit servicetilbod til båtfolket. Installasjonen er ein betydeleg investering som ikkje nødvendigvis gjev så mykje att. Difor er dette resultatet av ei lang vurdering, seier Gunn Mari.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen